



# Møteinnkalling

---

<b>Utvalg:</b>	<b>Nasjonalparkstyret for Reinheimen</b>
<b>Møtested:</b>	Billingen
<b>Dato:</b>	23.09.2022
<b>Tidspunkt:</b>	10:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## **Program for styremøtet på Billingen:**

Kl 10.00 frammøte og kaffe ved ved Billingen Seterpensjonat.

Kl 10.30-12.00 Styremøte

12.00 Lunsj på seterpensjonatet

13.00 --15.00 Orienteringer frå forvalterane og synfaring ved Billingen Innfallsport.

## **Styresak 33/2022 Orienteringer:**

Status tiltak Reinheimen 2022 – stutt orientering frå forvaltarar

Orientering frå synfaring i Reinheimen – stutte orienteringar frå forvaltar

Kommunikasjonsarbeid Reinheimen – behov for å styrke forvaltning av verneområde med

informasjonsmedarbeidar, jf. *Handlingsplan for stryket forvaltning av verneområde 2019*, samarbeid med Norsk fjellsenter (jf. signert Intensjonsavtale (2019), og besøksstrategi (2019)

Neste styremøte og rådgivande utval.

Ymse

Vel møtt!

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- Saksnr
ST 32/2022	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 33/2022	Referatsaker		
	Varsel om mogleg pålegg om retting av ulovleg oppsatt garnkasse/proviantkasse ved Fellingsvatnet	X	2020/3413
	Vedtak i klagesak - Reinheimen NP - bruk av helikopter - naturtypekartlegging - Heliwing helikopter AS		2022/3780
	Foreløpig melding - klage - Trollstigen LVO - oppføring av posterings- og jaktbu til bruk under skadefelling av jerv - Steindalen - Valldal og Fjørå Beitelag		2020/8174
	Varsel om mogleg pålegg om retting, av brot på vilkår til dispensasjon - tilbygg til nytt seterhus på Gubhage seter - gnr. 159/1/50 i Finndalen Ivo	X	2019/10385
ST 34/2022	Delegerte saker		
DS 31/2022	Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - motorferdsel - 2022 - helikopter - drift av mobilmast - Skarfjellenden - Telia Norge AS		2022/6091
DS 32/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - 2022 - organisert ferdsel - guidede turer etter Dølafe - Dovre og Lesja Aktiv		2021/6191
DS 33/2022	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2027 - motorbåt - fiske i Tordsvatnet - Tor Erik Myhren		2022/7271
DS 34/2022	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorbåt - fiske i Leirungsvatnet og Torsvatnet - 2022-2027 - Kristen Haugen Dagsgard		2022/6659
DS 35/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - 2026 - motorbåt - Torsvatnet - Terje Gjerdet		2021/10519
DS 36/2022	Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen LVO - Brettingsmoen NR - motorferdsel - 2022 - 2023 - bruk av ATV - uttransport av felt elg og hjort - Jaktlaget Nicolaisen og Moen v/Øystein Nicolaisen		2022/5521
DS 37/2022	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - drone - forebyggende og konfliktdempende tiltak i beitenæringa - Skjåk beite- og sankelag		2021/6236
DS 38/2022	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022-2026 - fiske på Torsvatnet og Leirungsvatnet - Ivar Kummen		2022/7914

DS 39/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt . Leirungsvatnet - Tor Arne Rønningen	2022/6319
DS 40/2022	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022-2026 - fiske på Torsvatnet - Marius Aaboen	2022/8046
DS 41/2022	Delegert sak - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - helikopter - Omnossæter - Nøre Kyrfonndalsvatnet - Omenås sagbruk - Øyvind Hoel	2022/7802
DS 42/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - 2025 - barmark - motorbåt - prøvefiske på Leirungsvatnet og Torsvatnet - Skjåk almenning v/ Birgit Bilstad	2022/6092
ST 35/2022	Finndalen LVO - dispensasjon - 2022 - tilbygg på seterfjøs - Sterringen - Arild og Mona Fallingen	2022/7731
ST 36/2022	Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak på Bjøknesetra i Lordalen - altan og plutting - gbnr 157/1/53 - Inger Marie Nyløkken - Jan Petter Hagen	2022/5323
ST 37/2022	Høyring av utkast til skjøtselsplan for Lordalen landskapsvernområde	2019/15333
ST 38/2022	Romsdalen lvo - dispensasjon - renovering av hytte i Nymarka - 2022 - Arve Horgheim	2022/6951
ST 39/2022	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - siktutbedring ved planovergang Almegjerde - 2022 - Raumabanen - Bane NOR	2022/8247
ST 40/2022	Orienteringar	





ST 32/2022 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 33/2022 Referatsaker

Varsel om mogleg pålegg om retting av ulovleg oppsatt garnkasse/proviantkasse ved Fellingsvatnet

Vedtak i klagesak - Reinheimen NP - bruk av helikopter - naturtypekartlegging - Heliwing helikopter AS

Foreløpig melding - klage - Trollstigen LVO - oppføring av posterings- og jaktbu til bruk under skadefelling av jerv - Steindalen - Valldal og Fjørå Beitelag

Varsel om mogleg pålegg om retting, av brot på vilkår til dispensasjon - tilbygg til nytt seterhus på Gubhage seter - gnr. 159/1/50 i Finndalen lvo

ST 34/2022 Delegererte saker

DS 31/2022 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - motorferdsel - 2022 - helikopter - drift av mobilmast - Skarfjellenden - Telia Norge AS 2022/6091

DS 32/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - 2022 - organisert ferdse - guidede turer etter Dølafe - Dovre og Lesja Aktiv 2021/6191

DS 33/2022 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2027 - motorbåt - fiske i Torsvatnet - Tor Erik Myhren 2022/7271

DS 34/2022 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorbåt - fiske i Leirungsvatnet og Torsvatnet - 2022-2027 - Kristen Haugen Dagsgard 2022/6659

DS 35/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - 2026 - motorbåt - Torsvatnet - Terje Gjerdet 2021/10519

DS 36/2022 Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen LVO - Bretttingsmoen NR - motorferdsel - 2022 - 2023 - bruk av ATV - uttransport av felt elg og hjort - Jaktlaget Nicolaisen og Moen v/Øystein Nicolaisen 2022/5521

DS 37/2022 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - drone - forebyggende og konfliktdempende tiltak i beitenæringa - Skjåk beite- og sankelag 2021/6236

DS 38/2022 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022-2026 - fiske på Torsvatnet og Leirungsvatnet - Ivar Kummen 2022/7914

DS 39/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt . Leirungsvatnet - Tor Arne Rønningen 2022/6319

DS 40/2022 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022-2026 - fiske på Torsvatnet - Marius Aaboen 2022/8046

DS 41/2022 Delegert sak - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - helikopter - Omnossæter - Nøre Kyrfondalsvatnet - Omenås sagbruk - Øyvind Hoel 2022/7802

DS 42/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - 2025 - barmark - motorbåt - prøvafiske på Leirungsvatnet og Torsvatnet - Skjåk almenning v/ Birgit Bilstad 2022/6092



Arkivsaksnummer: 2022/7731-3

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 16.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	35/2022	23.09.2022

## Finndalen LVO - dispensasjon - 2022 - tilbygg på seterfjøs - Sterringen - Arild og Mona Fallingen

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i Finndalen landskapsvernområde §3, pkt. 1.3, c) får Arild og Mona Fallingen dispensasjon til å byggje på eksisterande seterfjøs på Sterringen seter, gnr. 159/1, f.nr.84.

#### Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Seterfjøset skal utvidast mot aust, i same breidde, og med lik mønehøgde og takvinkel som på eksisterande seterfjøs.
- Tilbygget skal ha eit areal på 12 m x 6 m, målt utvendig.
- Tilbygget skal fundamenterast med støypt ringmur.
- Seterfjøset skal, med nytt tilbygg, ha eit totalareal på inntil 144 m<sup>2</sup>, målt utvendig.
- Tilbygget skal ha same fasade som eksisterande fjøs med ståande utvendig bordkledning, som påførast mørk brunfarge som på eksisterande seterfjøs.
- Det skal settast inn 6 vindauge og 2 nye dører på tilbygget, i same storleik som på eksisterande fjøs.
- På sørsida av taket på tilbygget skal det leggast 20 nye solcellepanel, slik at det totalt blir 22 solcellepanel på sørsida av taket.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **01.10.2025**.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad frå Arild og Mona Fallingen, 29.07.2022

### Saksopplysningar

Mona og Arild Fallingen søker om tilbygg på sitt seterfjøs, i samband med oppstart av mjølkeproduksjon på geit, på Sterringen seter i Finndalen landskapsvernområde. I søknaden står følgjande:



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020

### Verneformål – forskrift

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,...

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til

*b) oppføring av nødvendige bygningar til jordbruks- og seterformål.*

*c) ombyggingar og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.*

### Forvaltningsplan

I forvaltningsplan, kap 9.3, frå s. 126, står det følgjande om byggeskikk, nybygg og tilbygg:

#### **Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c.**

*Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval*

*Byggjeteknikk*

*Utforming og farge, jf. oppstillinga ovafor.*

*Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet.*

#### **Nye bygg for jordbruks- og seterformål § 3, pkt 1.3, b**

*Bygg for jordbruks- og seterformål omfattar dei formål og bygningar som til kvar tid inngår i gjeldane seterforskrift til fjellova. Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta tillate oppført nye bygg for jordbruks- og seterformål. Nye bygg for jordbruks- og seterformål skal innafor ei forsvarleg økonomisk ramme, utformast i tråd med den tradisjonelle byggjeskikken, men likevel tilpassast gjeldande byggtekniske krav og nyare driftsmessige behov. Nye bygg skal plasserast i terrenget slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet. Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, bruer og klopper) som er nødvendige til jordbruksføremål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område.*

#### **Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c**

*Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.*

*For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.*

*Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 9.6.2).*

-----  
*Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.*

## Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

## Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er mellom anna å  
- «*ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*»  
-----

Kulturlandskap som blir skjøtta på tradisjonelt vis går attende i Noreg, og oppstart av mjølkeproduksjon på setre er svært sjeldan. Alle dei kulturpåverka naturtypene er klassifisert som trua på Norsk raudliste for naturtyper, jf. Hovstad mfl. 2018. Dei kulturpåverka naturtypene er heim for mange trua og nær trua plantar, sopp og insekt. Opphøyr av bruk bidreg sterkt til attgroing, og er vurdert å være det største trugsmålet for slike naturtyper. Beitedyr er av stor betydning for å kunne halde i hevd dei kulturpåverka naturtypene i seterområda, og geit er i ei særstilling som «*kulturlandskapspleiarar*». Oppstart av geitmjølkeproduksjon i Finndalen landskapsvernområde vil være positivt for verneverdiane, ved at kulturlandskapet i seterområdet blir halde naturleg i hevd gjennom bruk.

I setermiljøet som i kulturlandskapet elles, utgjer også bygningane eit vesentleg element. Setring er dokumentert i Finndalen minst attende til 1700-tallet, men det er i tillegg registrert hustuffar frå forhistorisk tid eller tidleg middelalder i området. Etter Storfosens herjingar i juli 1789 ble seterhusa på Gammelsterringen flyttet over Finna til dagens plassering på Sterringen seter.

Søklarane har gard i Skjåk og er aktive beitebrukarar, med både storfe (ammeku), hestar og boergeit på utmarksbeite i Finndalen. I 2005 bygde dei nytt seterfjøs for mjølkeku på setra, og dreiv med mjølkeproduksjon på Sterringen seter fram til 2015. Seterfjøsset er relativt nytt og i god stand, men må byggjast om innvendig frå ku til geit, og det krev større liggjeareal.

Søklarar har eit dokumentert behov for utviding av seterfjøsset. Det var gjennomført ei synfaring 7.sept der søkjar, fjellstyre, Lom kommune og forvaltar deltok.





Foto over viser eksterende seterfjøs sett frå sørsida, mot nord, og utviding av fjøset skal være i lengderetning mot aust. Taket skal dekkast med solcellepanel som på eksisterande takflate, for strømforyning til mjølkeanlegg. Ei utviding av solcelleanlegget, supplert med vindmølla, vil søkjar ikkje ha behov for dieselaggregat i drifta.

Tilbygget i lengderetning oppført i reisverk med same vindaugsopningar, vil harmonere godt med eksisterande seterfjøs. På taket er det i dag solcellepanel mot sør, og ei utviding av takflata med solcellepanel som på eksisterande takflate mot sør, vil ikkje vera synleg frå Finndalsvegen, eller verke skjemma i landskapsbilete.



Flyfoto over viser seterhusa på festnr. 84, der tilbygget på seterfjøset er skissert med raud strek mot aust.

Tilbygget vil ikkje føre til ulempe for verneverdiane og vil ikkje danne kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet. Tvert imot er byggetiltaket positivt, da formålet er aktiv seterdrift med mjølkegeit som held i hevd tradisjonell bruk, og som vil bidra til å hindre attgroing i kulturlandskapet. *Kunnskapsgrunnlaget* (nml § 8) er godt dokumentert i naturbase, artsdatabase, og gjennom forvaltningsplanarbeidet, fagrapportar, og skjøtselsplanarbeidet i Finndalen.

*Føre-var-prinsippet* (nml §9) vert ikkje vurdert som nødvendig i denne saka. Tiltaka vil heller ikkje påverke miljøet i særleg negativ retning. Påverknader på miljøet i området totalt sett er minimal, jf. *økosystemtilnærming og samla belastning*, nml. § 10.

Byggetiltaket er knytt til landbruksnæring, og vil ikkje føre til presedensverknad ved mange liknande søknader. Tiltaket vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane negativt.



Arkivsaksnummer: 2022/5323-6

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 16.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	36/2022	23.09.2022

## Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak på Bjøknesetra i Lordalen - altan og platting - gbnr 157/1/53 - Inger Marie Nyløkken - Jan Petter Hagen

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Lordalen lvo § 3, pkt. 1.2. b) og 1.3. c), får Inger Marie Nyløkken og Jan Petter Hagen dispensasjon til å bygge trapp ned frå betongfundament til bakkeplan, og bygge platting langs sørveggen inntil sitt seterhus på Bjøknesetra, gnr. 157/1, f.nr. 53.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

1. Det skal byggjes trapp frå betongfundament ned til bakkenivå på austveggen.
2. Trappa skal ha same breidde som betongfundamentet, målt til 1,40 m.
3. Rekkverk på trappa skal ha maksimal høgde på 1 m over trinn/bakkenivå, og skal være i tre.
4. Det skal ikkje byggjast treplatting frå trappa til søraustre hushjørnet.
5. Ny treplattingen skal starte frå søraustre hushjørne og oppførast langs sørveggen, med ei breidde på 2 meter. Plattingen skal avsluttast ved den bordkledde delen av huset, eller maksimalt til det midterste vindauget på huset slik at det totale arealet blir inntil 10 m<sup>2</sup>.
6. Plattingen langs sørveggen skal være lågare enn 0,5 meter over terrenget.
7. Det skal ikkje settast opp rekkverk på treplattingen på bakkenivå.
8. Platting og trapp skal ikkje byggast i impregnert treverk, men i treverk som skiller seg minst mogleg fra eksisterande materiale på seterhus.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til 01.10.24

Det blir gjort merksam på at SNO vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad frå Jan Petter Hagen, oversendt på e-post frå Lesja kommune, 19.05.22
- Uttale frå Innlandet fylkeskommune, 08.09.22

Vedlegg:

- 1 Saksframlegg med vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen 24.06.22, sak 23/2022

- 2 Uttalelse til høring - Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak på Bjøknesetra i Lordalen - altan og platting - gbnr 157/1/53, Innlandet fylkeskommune.

## Saksopplysningar

### Søknaden:

Inger Marie og Jan Petter Hagen har søkt om å bygge platting og altan til seterhuset på Bjøknesetra, f.nr. 53, i Lordalen. Det er søkt om å legge tregulv på betongkloss utenfor inngangsdøra som skal forlenges rundt hushjørnet, og vidareførast med platting på bakkenivå inntil sørsida av seterhuset. Arealet på altan foran inngangsdør og platting langs husveggen, utgjør ca. 20 m<sup>2</sup>, skissert på situasjonskartet under. Formålet med tiltaket er å ha et område som er skjermet for beitedyr, særlig under slipp og sanking av beitedyr. Setra nyttas aktivt i sauedrift, og er sentral i heile sankeperioden.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen hadde saka til behandling på styremøte 24.06.22, men utsette saka, og ba forvaltar ta kontakt med søker for orientere om vernereglane, og finne ei alternativ løysning til altan/platting på seterhuset.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

### Verneformål – forskrift

Lordalen landskapsvernområde er verna mot inngrip som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretingar,...

Reglane i pkt. 1.1. skal ikkje vere til hinder for: *Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde og liknande. Alt vedlikehald på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje føre til endringar av storleik eller eksteriøret på bygningen.* (jf. § 3, pkt. 1.2 b)

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til  
b) oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og setyerføremål, og  
c) ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.

## Forvaltningsplan

I forvaltningsplan s. 109, og 110, står det følgjande om byggeskikk, og ombygging og tilbygg:

*Byggeskikk § 3, pkt 1.2, b.*

*Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval*

*Byggjeteknikk*

*Utforming og farge,*

*jf. opplistinga ovafor.*

*Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet.*

*Vedlikehald § 3, pkt. 1.2, b)*

----

*Alle former for fasadeendringar og utvidingar er søknadspliktige i landskapsvernområdet.*



### *Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c*

*Etter søknad kan det godkjennast tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.*

*For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.*

*Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av anna småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 8.5.2).*

*For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m<sup>2</sup> (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar:*

- i sårbare område som snauffjell eller seterområde*
- av omsyn til andre bygningar i nærleiken*
- av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m<sup>2</sup> ikkje er ønskjeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.*

*Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.*

### **Naturmangfaldlova**

I medhald av naturmangfaldlova § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad

### **Presedens**

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

### **Vurdering**

Seterhuset ligg sentralt på Bjøknesetra i Lordalen lvo, markert med raud ring på kartet under:



Forvaltarane gjennomførte synfaring i Lordalen på Bjøknesetra 04.07.22, der søkjer Jan Petter Hagen, deltok i tillegg til SNO. Bjøknesetra ligg solvendt til mot sør, og står fram som ein seterstul med opphavleg bygningsmiljø, med solsvidde seterhus i tømmer, og gråsteinsmurar i naturstein.

Søkjar er samd i at platting langs sørveggen bør leggjast på bakkenivå, slik at tiltaket blir minst mogleg skjemmane, og for at gråsteinmuren på seterhuset ikkje dekkes til. Aktuelt tiltak er også å bygge ny tretrapp ned frå betongfundament framfor inngangsdøra til bakken mot søraustre hushjørne, og bygge treplatting på bakkenivå langs sørveggen.

Søkjar har i etterkant av synfaringa sendt ny skisse av planlagt tiltak. Skissa viser mål på betongsåla, trapp og treplatting kring hushjørne og langs sørveggen, på totalt 15,32 m<sup>2</sup> inkl. trapp. Forvaltar har vore i kontakt med søkjar i etterkant om at platting mellom trapp og hushjørnet ikkje vil vera innafør tilråding frå fylkeskommunen, eller omsyn til bygningsmiljø og storleik. Søkjar var inneforstått med ei nedjustering av totalarealet på plattingen, som markert med raudt under:








Foto under viser seterhuset på oversiden av det omsøkte tiltaket, der terrenget langs husveggen er nytta til utplass for utemøbler. Legging av steinheller i terrenget kan vera ei god løysning for uteplass inntil seterhuset, i staden for treplattung. Setereigar ønskjer treplattung da det etter hans vurdering er mest hensiktsmessig, og at den lett kan fjernast.



I byggesaker skal ein vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i området, jf. naturmangfaldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning). I forvaltningsplan står det at det er 5 seterstuler i Lordalen, fordelt på ulike seterhus, driftsbygningar, gjerder, kveer mm. Det er ikkje oppgjeve tal på bygningar i forvaltningsplan, med det vil kunne dreie seg om nærare 100 byggverk totalt i landskapsvernområdet, der 11 er registrert som private hytter. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seterhus og hytter kan få dispensasjon til plattung og altan vera til stade. Forvaltar har vurdert sannsynlegheita for at det vil bli mange liknande saker som stor, da setrene også i aukande grad blir brukt til fritidsføremål. Ei slik utvikling vil kunne føre til at det verdifulle setermiljøet i Lordalen endrar seg og får ein annan karakter, noko som er i strid med verneføremålet.

I vedtak i ei klagesak om bygging av plattung i Finndalen landskapsvernområde, (Miljødir., 03.05.22, sak 2022/9170) , fekk Statsforvalteren ikkje medhald i si klage på styrevedtak om dispensasjon til plattung til seterhus på Sterringen seter. Miljødirektoratet skriv i si klagebehandling at dei er samde med Statsforvalteren i at plattningar kan oppfattast som framandelement i eit setermiljø, og det som reknast som den lokale byggeskikken i området. Vidare skriv miljødirektoratet at for å ivareta verneformålet både på stutt og lang sikt, og

unngå at ei utvikling som bidreg til ei gradvis endring av landskapsbilete, er det nødvendig at forvaltningsmyndigheita fører streng praksis ved behandling av dispensasjonssøknader for bygningar og andre faste innretningar. Avslutningsvis er det presisert at det er viktig at utfallet av den konkrete saka i Finndalen landskapsvernområde, ikkje dannar grunnlag for ein generell praksis i verneområdet.

Kulturarv i Innlandet fylkeskommune skriv i si uttale til saka, 13.06.22, at dei forstår at tiltaket kan bidra til bruk av setra. Samtidig meiner dei at totalt areal bør vera mindre, og at plattingen skal i stor grad som mogleg byggast på bakkenivå. Dei meiner at eksisterande golvnivå på betongtrapp ikkje forlengast kring hushjørnet, og at ein bør komme med platting nærmare eller helt på bakkenivå ved hjørnet på selet, for å passe betre til eksisterande bygningar på setra. Plattingen bør og utførast ved bruk av tradisjonelle materialar og byggjeteknikkar. Fylkeskommunen viser til at plattingen ikkje bør verke negativt på grunnmuren, og dei oppmodar til eit reversibelt tiltaket.

Forvaltar tok kontakt med rådgjevar i Innlandet fylkeskommune for å få ei presisering av deira uttale til byggetiltaket i verneområdet, som vart følgt opp med følgjande svar på e-post, 08.09.22:

*«Fylkeskommunen har stor forståelse til strenge regler for bygging av platting i landskapsvernområde. Samtidig er kulturarvmyndighetene opptatt at kulturminner bevares gjennom bruk. Det skaper utfordringer i vurdering av slike saker. I vår uttalelse datert 13.06.2022 har vi ikke presisert material til platting, og her kommer vi med en presisering på retningslinjer til utforming av det:*

- *Vi mener og anbefaler med det sterkeste at det bør først og fremst vurderes en løsning med at uteplass ligger på terreng, eller at det legges naturheller i terrenget. Bilde du sender ved din e post er et godt eksempel på det. Vi mener ikke at løsning med treplatting er den første og den beste i dette tilfelle. Bruk av moderne og impregnerte materialer som finnes på markedet er ikke en god løsning. I dette tilfelle med treplatting bør man bruke en annen type treverk som skilles minst mulig fra eksisterende byggeskikken. Denne løsningen vil kreve en jevnlig vedlikehold.*
- *Trapp som er foreslått å bygge ned fra eksisterende betongfundamentet kan være veldig enkelt trapp som lages av stein, eller tretrapp med et enkelt rekkverk av tre eller metal. Rekkverk skal ikke være dominerende i et større bilde av fasaden og hele bygningen.*
- *Det er vanskelig å presisere dimensjoner til uteplass, men vi kan forholde oss til bredde som er vist på situasjonsplan og som vi antar ligger rundt ca 2,5 – 3,0 meter. Uteplass skal være mindre i lengden. Vi er enig i din vurdering at den skal starte ved hushjørnet og avslutte ved bordkledde delen av huset, eller maksimalt ved det midterste vinduet.*
- *Vi oppfordrer igjen til at tiltak utføres som reversibelt. Kulturarvseksjon er veldig opptatt av at hver enkelt sak i landskapsvernområde vurderes i forbindelse med omgivelser, bruk av eiendommen osv., og at tiltak ikke skaper fare for presedens.»*

Bygging av platting, terrasse og veranda er vurdert i utarbeidinga av forvaltningsplan for Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde, der slike byggverk er definert som framandelement i den lokale byggeskikken i seterområda, og ikkje skal vera tillate. På ein anna side kan det vera både praktiske forhold og driftsmessige behov som opnar for å gjera unntak, som i dette tilfelle.

Behovet i denne saka er fyrst og fremst knytt til å samle beitebrukarar i området som nyttar felles sankekve på Bjøknesetra. Under beiteslepp, tilsyn og sanking blir setra søkjar eit

naturleg samlingsstad med bl.a. matsservering. Formålet med dette tiltaket er derfor knytt til driftsmessige behov for beitebruksnæringa, og vil nødvendigvis ikkje skape unødig presedens for andre med seterhus og hytter i verneområdet. Søkjar driv stadbunden næring i området, og har såleis eit reelt behov som kan vurderast.

Kunnskapsgrunnlaget (nml § 8) er godt dokumentert i forvaltningsplan og uttale frå fylkeskommunen, og *føre-var-prinsippet* (nml §9 ) vert ikkje vurdert som nødvendig i denne saka.

Betongfundamentet framfor inngangsdøra vil også kunne få ein betre funksjon dersom det blir trapp ned frå betongfundamentet til bakkenivå mot søraust.

Dersom plattingen blir bygd på bakkenivå frå hushjørnet langs og til enden av den bordkledde delen av husveggen, vil ikkje tiltaket danne ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmande i landskapet. Dispensasjon kan gjevast, på vilkår og kan avbøte på eventuelle ulemper for landskapsbilete og byggjeskikk i setermiljøet.



Arkivsaksnummer: 2022/5323-3

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 16.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	23/2022	24.06.2022

## Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak på Bjørknesetra i Lordalen - altan og platting - gbnr 157/1/53 - Inger Marie Nyløkken - Jan Petter Hagen

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Lordalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3 c) får Inger Marie Nyløkken og Jan Petter Hagen avslag på søknad om altan og platting til seterhus på Bjørknesetra, f.nr.53 i Lordalen.

Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate, jf. vernereglane i Lordalen landskapsvernområde. Plattingar av slik karakter vil kunne skape uheldig presedensverknad og føre til at det verdifulle setermiljøet i Lordalen får ein annan karakter, noko som er i strid ved verneføremålet.

--- slutt på innstilling ---

### Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2022

Mariann Skotte Nasjonalparkstyret for Reinheimen utsett saka, og ber om at forvaltar tek kontakt med søkjar for å orientere om vernereglane i Lordalen lvo, og uttala frå Innlandet fylkeskommune, for å finne ei alternativ løysning til altan/platting på seterhuset.

### Behandling

Nasjonalparkstyret drøfta saka, og forslaget frå Mariann Skotte. Ved røysting vart forslaget frå Mariann Skotte om å utsette saka, og ta kontakt med søkjar, samrøystes vedteke.

### Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen utsett saka, og ber forvaltar ta kontakt med søkjar for å orientere om vernereglane i Lordalen lvo, og om uttala frå Innlandet fylkeskommune, for å finne ei alternativ løysning til altan/platting på seterhuset.

Ny søknad skal leggst fram for Nasjonalparkstyret til behandling så snart som mogleg.



## Dokument i saka


- Søknad frå Jan Petter Hagen, oversendt på e-post frå Lesja kommune, 19.05.22
- Uttale frå Innlandet fylkeskommune, Samfunnsutvikling - Kommunal veiledning plan, 14.06.22

## Saksopplysningar

### Søknaden:

Lesja kommune har videresendt søknad frå Inger Marie og Jan Petter Hagen om bygging av platting og altan til seterhuset på Bjøknesetra, f.nr. 53, i Lordalen. Det er søkt om å legge tregulv på betongkloss utenfor inngangsdøra som skal forlenges rundt hushjørnet, og vidareførast med platting på bakkenivå inntil sørsida av seterhuset. Arealet på altan foran inngangsdør og platting langs husveggen, utgjør ca. 20 m<sup>2</sup>, som skissert på situasjonskartet under.

Formålet med tiltaket er å ha et område som er skjermet for beitedyr, særlig under slipp og sanking av beitedyr. Søkjer skriv at setra nyttes aktivt i sauedrift, og at seterkvæe er den einaste sankekve på Bjøknesetra og er såleis sentral i heile sankeperioden.





Bilde 2: Bilde tatt fra fjøset mot inngangen, og viser betongtrappa.



Bilde 1: Bildet viser betongtrapp ved inngang på selet. Det søkes om å legge gulv på trapp som forlenges "rundt hjørnet". Trappetrinn ned til terrengnivå der det legges treplattung.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

### Verneformål – forskrift

Lordalen landskapsvernområde er verna mot inngrp som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,...

Reglane i pkt. 1.1. skal ikkje vere til hinder for: *Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde og liknande. Alt vedlikehald på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje føre til endringar av storleik eller eksteriøret på bygningen.* (jf. § 3, pkt. 1.2 b)



Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til  
*b) oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og setyerføremål, og*  
*c) ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.*

## **Forvaltningsplan**

I forvaltningsplan s. 109, og 110, står det følgjande om byggeskikk, og ombygging og tilbygg:

### **Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b.**

*Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval*

*Byggjeteknikk*

*Utforming og farge,*

*jf. opplistinga ovafor.*

*Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemma i landskapet.*

### **Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c**

*Etter søknad kan det godkjennast tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.*

*For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.*

*Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av anna småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 8.5.2).*

*For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m<sup>2</sup> (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar:*

*- i sårbare område som snaufjell eller seterområde*

*- av omsyn til andre bygningar i nærleiken*

*- av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m<sup>2</sup> ikkje er ønskjeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.*

*Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.*

## **Naturmangfaldlova**

I medhald av naturmangfaldlova § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad

## **Presedens**

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Seterhuset ligg på Bjøknesetra i Lordalen Ivo, markert med raud ring på kartet under:



Det skal byggast altan og platting på aust og sørsida av seterhuset. Ut i frå skisse i søknaden skal utgangspunktet være eksisterande trapp i betong framfor inngangsdøra til seterhuset. Plattingen skal fortsette kring huset og byggjast på bakkeplan i treverk. Arealet på altan og platting utgjør totalt ca. 20 m<sup>2</sup>. Plattingar og altan er i følgje vernereglane ikkje ein del av den tradisjonelle byggeskikken i landskapsvernområdet, og vil ikkje vera i samsvar med verneformålet i Lordalen landskapsvernområde.

I byggesaker skal ein vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i området, jf. naturmangfaldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning). I forvaltningsplan står det at det er 5 seterstuler Lordalen, fordelt på ulike seterhus, driftsbygningar, gjerder, kveer mm. Det er ikkje oppgjeve tal på bygningar i forvaltningsplan, med det vil kunne dreie seg om nærare 100 byggverk totalt i landskapsvernområdet, der 11 er registrert som private hytter. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seterhus og hytter kan få dispensasjon til platting og altan vera til stade. Forvaltar har vurdert sannsynlegheita for at det vil bli mange liknande saker som stor, da setrene også i aukande grad blir brukt til fritidsføremål. Ei slik utvikling vil kunne føre til at det verdifulle setermiljøet i Lordalen endrar seg og får ein annan karakter, noko som er i strid med verneføremålet.

I vedtak i ei klagesak om bygging av platting i Finndalen landskapsvernområde, (Miljødir., 03.05.22, sak 2022/9170) , fekk Statsforvalteren ikkje medhald i si klage på styrevedtak om dispensasjon til platting til seterhus på Sterringen seter. Miljødirektoratet skriv i si klagebehandling at dei er samde med Statsforvalteren i at plattingar kan oppfattast som framandelement i eit setermiljø, og det som reknast som den lokale byggeskikken i området. Vidare skriv miljødirektoratet at for å ivareta verneformålet både på stutt og lang sikt, og unngå at ei utvikling som bidreg til ei gradvis endring av landskapsbilete, er det nødvendig at

forvaltningsmyndigheita fører streng praksis ved behandling av dispensasjonssøknader for bygningar og andre faste innretingar. Avslutningsvis er det presisert at det er viktig at utfallet av den konkrete saka i Finndalen landskapsvernområde, ikkje dannar grunnlag for ein generell praksis i verneområdet.

Det avgjerande i denne saka er at bygging av platting, terrasse og veranda er vurdert i utarbeidinga av forvaltningsplan for Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde, der slike byggverk er definert som framandelement i den lokale byggjeskikken i seterområda, og ikkje skal vera tillate. Tiltaket vil derfor vera i strid med verneføremålet og dispensasjon kan ikkje gjevast.

## Samfunnsutvikling - Kommunal veiledning plan

Lesja kommune

2665 LESJA

Deres ref:  
2022/60

Vår ref:  
2022/10733-2  
Nils Håvard Dyrendal Høgset  
Zorica Tomanovic, nyere tid  
Mildri Een Eide, aut.fredet

Dato:  
13.06.2022

### **Dispensasjonssøknad - altan og platting på Bjøknesetra, Lordalen - GID 157/1/53 - Lesja kommune**

Vi viser til oversendelse fra Lesja kommune datert 19.05.22. Saken gjelder søknad om dispensasjon etter Plan- og bygningsloven § 19-2 fra verneformålet for oppføring av platting på eksisterende murtrapp ved inngang på selet og platting på terreng.

Det er foretatt tiltaksanalyse for eiendommen, som gir treff på viktige temadata som kulturminner – annet SEFRAK-bygg, og landskapsvernområde, da Bjøknesetra er et seterområde innenfor Lordalen landskapsvernområde.

#### **Fylkeskommunens merknader**

Fylkeskommunens merknader er begrunnet ut fra vårt helhetlige ansvar som omfatter både nasjonale og regionale mål og hensyn på områder som kulturarv, samferdsel i tillegg til ulike planfaglige tema som samordnet bolig, areal- og transportplanlegging (SBATP), vannmiljø, friluftsliv, vilt, villrein, ferskvannsfisk, barn og unges interesser, universell utforming og stedsutvikling.

Som generell merknad viser vi til at det er kommunen som vurderer om vilkårene i pbl. § 19-2 er oppfylt og om dispensasjon da kan gis. Vilkaene er ikke oppfylt dersom en dispensasjon for et tiltak undergraver planen/bestemmelsen, eller vesentlig tilsidesetter hensyn som planen skal ivareta. Det samme gjelder lovens formålsbestemmelse. I tillegg må også fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Plansystemet bygger på prinsippet om forutsigbarhet og er forankret i krav om likebehandling og sikkerhet mot vesentlige endringer av gjeldende planvedtak. Det betyr at kommunen i tillegg til sin begrunnelse for om vilkårene er oppfylt, også må vurdere virkningen av tiltaket for tilsvarende saker (presedensfaren).

#### Kulturarv

##### *Nyere tids kulturminner*

Seter ligger i Lordalen landskapsvernområde. Området er del av et verdifullt setermiljø med 5 seterstuler og aktivt utmarksbeite. Bygningen som omtales i saken er en av de tre SEFRAK registrerte bygninger på seter.

Kulturarvseksjonen har vurdert søknaden, og har forståelse til det at tiltak kan bidra til bruk av seter. Samtidig mener vi at totalt areal til platting bør være mindre, og at plating skal, i så

stor grad så mulig bygges på bakkenivå. På grunn av høydeforskjell i terreng kan platting som bygges på eksisterende betongtrapp og forlenges rundt hjørnet oppleves som et ganske stort og fremmed element. Etter vårt syn bør eksisterende gulvnivå på betongtrapp ikke forlenges helt rundt hjørnet, og man bør komme med platting nærmere, eller helt på bakkenivå ved hjørnet på selet. På den måten tilpasses tiltak bedre naturpreget og eksisterende bebyggelse på seter. Platting bør utføres med bruk av tradisjonelle materialer og byggeteknikker. I sitt endelig uttrykk bør tiltak tilpasses eksisterende bygningen og seter sitt særpreg. Platting bør ikke ha negativ påvirkning på grunnmuren. Vi oppfordrer til at tiltak utføres som reversibelt.

Det forutsettes for øvrig at kommunen gjør en helhetlig vurdering av bakenforliggende hensyn i gjeldende plan- og lovverk, og at denne vurderingen synliggjøres og legges til grunn for vedtaket.

#### *Automatisk fredete kulturminner*

Ut fra våre arkiv har vi ikke kjennskap til at det foreslåtte tiltaket kommer i konflikt med kulturminner. Vi vil imidlertid gjøre oppmerksom på at dersom det i forbindelse med tiltak i marka blir funnet automatisk fredete kulturminner som ikke er kjent, skal arbeidet straks stanses i den grad det berører kulturminnene eller deres sikringssoner på fem meter, jf lov om kulturminner § 8. Melding skal snarest sendes til kulturminnemyndighetene i Innlandet fylkeskommune slik at vernemyndighetene kan gjennomføre en befarings og avklare om tiltaket kan gjennomføres og eventuelt vilkårene for dette.

Med vennlig hilsen

Kristin Ryen Reithaug  
seksjonssjef

Nils Håvard Dyrendal Høgset  
plankoordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*

Kopi til:  
STATSFORVALTEREN I INNLANDET





Arkivsaksnummer: 2019/15333-10

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 16.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	37/2022	23.09.2022

## Høring av utkast til skjøtselsplan for Lordalen landskapsvernområde

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen godkjenner forslag til Skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap i Lordalen landskapsvernområde, med dei endringar som går fram av kommentarar til høyringsuttalane, oppsummert under vurderingar i saksutgreiinga.

Nasjonalparkforvaltaren skal ferdigstille framlegget til skjøtselsplan med endringar og rettingar etter høringa.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Forslag til skjøtselsplan for Lordalen landskapsvernområde, rapport MU2019-18: [Rapport-MU2019-18.-Lordalen-landskapsvernomrade-Skjotselsplan-for-helhetlige-kulturlandskap-i-verneomradet.pdf \(nasjonalparkstyre.no\)](#)
- Referat frå oppstartsmøte og befaring i Lordalen 09.08.2018
- Høyringsbrev, sendt på e-post 27.08.2019
- Høyringsuttale frå Skjåk Almenning, 08.10.19
- Høyringsuttale frå Lesja kommune, 12.10.19
- Høyringsuttale frå Lesja fjellstyre, 29.10.19
- Høyringsuttale frå Geir Ulekleiv, 13.11.19
- Kommentar frå Miljødirektoratet 14.11.19
- Høyringsuttale frå Oppland fylkeskommune, 28.11.19

### Saksopplysningar

Arbeidet med skjøtselsplan for Lordalen starta opp i 2018, i samband med revidering av 5 skjøtselsplanar for heilskapelege kulturlandskap i verneområda knytt til Reinheimen. Det vart gjennomført parallelle planprosessar, for kulturlandskapa i Finndalen, Brøstdalen, Gravdehaug og Muldalen-Tafjordsætra, og i 2020 for Vermedalen og Reindalssetra.

Miljøfagleg utredning (MU) fekk i oppdrag å utarbeide skjøtselsplanar, som nå skal godkjennast etter høring.



## Bakgrunn og formål

Kulturlandskapet i Lordalen med verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart, og er sentralt i verneføremålet (verneforskrifta §2). I tillegg er formålet med landskapsvernområdet å ta vare på leveområdet til villrein og anna biologisk mangfald som pregar landskapet, geologiske førekomstar, landskapsformar og vakker og særprega vassdragsnatur.

Det er aktiv bruk med slått og beite over tid, som har forma kulturlandskapet og gjeve landskapet eigenart. Målet med skjøtselsplan er å oppretthalde kvalitetane i kulturlandskapet og restaurere areal som har fått redusert kvalitet. Det er gjennom skånsam bruk av kulturlandskapet at artsmangfald og dei skjøtselspåverka naturtypane kan takast vare på. Skjøtselsplanane skal såleis gje forvaltninga eit godt grunnlag for å kunne prioritere konkrete skjøtselstiltak i Finndalen som gir størst effekt for å ivareta naturtypar og artsmangfaldet for framtida.

## Arbeidsform og framdrift

- Oppstartsmøte og synfaring i Lordalen 09.08.18, med lokale aktørar og brukarinteresser i området.
- Feltarbeid og kartlegging sommar/haust 2018, MU
- Oppsummering av feltarbeid, 30.11.18, forvaltarar, SNO, MU
- 1. utkast skjøtselsplan, 15.12.18, MU
- Presentasjon av skjøtselsplanar på styremøte i Reinheimen 18.03.19, MU
- Gjennomgang skjøtselsplanar 20.05.19, forvaltar, SNO, MU
- MU leverte forslag til skjøtselsplan for Lordalen 31.05.2019
- Høyring – 2-3 mnd hausten 2019, høyringsfrist 11.november 2019
- *Lokal presentasjon i samband med høyring i 2020 vart AVLYST*
- *Endeleg godkjenning av skjøtselsplan i Nasjonalparkstyret – 23.09.22*



Foto: Slåttemark på Bjøknesætre, oppstartsmøte 09.08.18



Høyringsprosessen har teke lang tid, men det er likevel gjennomført konkrete skjøtselstiltak i dialog med MU og private aktørar undervegs, for å oppretthalde ein kontinuitet i tiltak som er aktuelle å vidareføre, og for å komme i gang med viktige nye tiltak. Døme på det er slått på Bjøknesætre for og oppretthalde slåttemarka, og rydding av eine på setervollen på Skriu.

### **Oppbygging av skjøtelsplan**

Planen inneheld ein overordna del, med forvaltningsstatus, overordna skildring av landskapet, dagens bruk og brukshistorie, bevaringsmål for kulturlandskapet i Lordalen, og forslag til tiltak i området på overordna plan.

Kap. 4 – 8 inneheld skjøtelsplanar for kulturlandskapsområdene, dvs. setergrendene Bjøknesætre, Storsætre, Nysætre, samt beitemarka Kvannbekkmyre og setervollen på Skriu. Planane er bygd opp slik:

1. Historikk/bekrivelse
1. Resultat fra NiN-kartlegginga (Natur i Norge, kartleggingssystem for natur).
2. Naturtypelokaliteter og naturverdier
3. Bevaringsmål og skjøtselstiltak
4. Nærmere beskrivelse av skjøtselstiltak

Forslag til aktuelle skjøtselstiltak er basert på faglege vurderingar og innspel frå brukarar.

Forslaga er omfattande og av omsyn til tilgjengelege ressursar må Nasjonalparkstyret prioritere kva for tiltak som kan setjast i gang i samarbeid med brukarar og andre lokale aktørar. For gjennomføring av konkrete skjøtselstiltak vil ein vera avhengig av tett og godt samarbeid med lokale brukarar/aktørar og tilgjengelege ressursar. Nokre skjøtselstiltak på Bjøknesætre, Kvannbekkmyre, Storsætre og Skriu, har vore gjennomført frå 2013.

## **Heimelsgrunnlag**

### **Delegering**

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Styret sine oppgåvar er skildra i kap.8 i vedtektene, der det mellom anna står om skjøtsel under kap. 8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning:

*«Som forvaltningsstyresmakt skal styret ut frå naturmangfaldlova § 33 og verneføremålet i dei einskilde verneforskriftene vurdere behov for og naudsynt gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging skal, jf. §§ 35 og 36 siste ledd, inngå i en forvaltningsplan godkjent av Miljødirektoratet. Forvaltningstiltak vert sett i verk på eit kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedtekne forvaltningsplaner/skjøtelsplaner.*

*Styret kan som forvaltningsstyresmakt leggje til rette for at verneområda sitt potensial for verdiskaping utnyttast innafor ramma av verneforskriftene og naturmangfaldlova. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanane som omhandlar besøksstrategi. Styret skal ikkje opptre som næringsaktør, men bør i denne samanhengen innleie til eit samarbeid med lokalt reiseliv/øvrige reiseliv, samt det autoriserte besøkssenteret.*

*Nasjonalparkstyret skal utarbeide årlege prioriteringar av skjøtels- og forvaltningstiltak i verneområda i tråd med den fleirårige tiltaksplanen.*

*Styret skal etablere eit nært samarbeid med Statens naturoppsyn lokalt. Styret vert tildelt midler til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i høve til vedtatte forvaltningsplaner/skjøtelsplanar etter søknad til Miljødirektoratet. Tildelingane skjer ut i frå dei budsjettmessige rammene det einskilde året. Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av dei*

*tildelte midlane. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjend forvaltings- /tiltaksplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.»*

## Høyringa

Etter synfaringar og møte med Miljøfagleg utgreiing i 2019 vart rapporten etter fyrste utkast korrigert og gjort klar for høyring. Utkast til Skjøtselsplan for Lordalen landskapsvernområde vert lagt ut på høyring 27.08.2019, med høyringsfrist 11.november 2019.

Det kom inn 6 høyringsuttaler innan fristen, frå Miljødirektoratet, Geir Ulekleiv, Lesja kommune, Lesja fjellstyre, Skjåk Almenning og Oppland fylkeskommune.

Det var planlagt eit møte med aktørar i Lordalen i løpet av 2020, for å orientere om skjøtselsplan, høyringa og opne for innspel og spørsmål. Møtet måtte avlysast pga coronapandemien der fysiske møte ikkje kunne gjennomførast.

## Vurdering

Uttalane er lista opp under med kommentarar til kvart punkt.

### Høyringsuttale frå Skjåk Almenning, 08.10.19

- Skjåk Almenning meiner skjøtselsplanen set fokus på sentrale bevaringsmål i Lordalen landskapsvernområde. Forslaget med bevaringsmål, overvåkingsmetode, tilstandsklasse og aktuelle tiltak meiner vi er ei god løysing for skjøtselen av området. Planen legg også opp til ei fornuftig balanse mellom vern og arealbruk da det kjem tydeleg fram at bruk er avgjerande for mykje av artsmangfaldet i området. Beitedyr er nemnt som aktuelle tiltak gjentekne gongar, noko Skjåk Almenning tykkjer er særskild viktig. I høyringsbrevet står det at eit av føremåla med skjøtselsplanen er å ta vare på leveområda til villrein. Skjåk Almenning meiner at dette ikkje kjem tydeleg nok fram i planen. Sidan 2016 har villreinen stått på raudlista med status som sårbar. Vi meiner derfor at villreinen bør vera omtala som bevaringsmål med overvåkingsmål, tilstandsklasse og aktuelle tiltak. Overvåkingsmetode bør vera å fylgje med på bruk av naturlege kalvingsområde og trekkruiter. Aktuelle tiltak bør vera å hindre menneskeleg påverknad som til dømes sperregjerder, vegbygging og hyttebygging i naturlege reinstrekk.

**Kommentar:** Eit av formåla til Lordalen lvo er å ivareta leveområde og trekkområde for villrein. Villrein kryssar Lordalen, og både nord- og sørsida i Lordalen er markert som kalvingsområde. Funksjonsområda her er utvida etter kvalitetsnormarbeidet. Skjøtselsplan er avgrensa til areal som naturmeitemark, seterkvever i eksisterande setermiljø, men likevel er villrein sine funksjonsområder tett på i perioder av året. Ny kvalitetsnorm for villrein, skal være eit verktøy for å sikre tilstrekkelege gode leveområde for villrein, og det vil derfor være aktuelt å vurdere om hensyn til villrein bør vurderes i skjøtselsplan for Lordalen.

### Høyringsuttale frå Lesja kommune, 21.10.19:

- Lesja kommune v/ Gunhild Fløttum ved landbrukforvaltninga har gjeve følgjande forslag som kan bidra til konkretisering i planen:  
«Innhold i planen:  
*Planen viser at det er gjort en grundig og faglig god kartlegging. Resultatet av kartleggingen ser likevel ut til å være preget av den sterke tørken i 2018, og dette kan ha påvirket sammenligningen med kartleggingen fra 2012, og utvalget av områder med viktige verdier.*  
*Figur 7 på side 17 mangler*  
*I tillegg til at det står i tekst i hver tabell hyppighet på når analysene/registrering skal skje, så bør det i tillegg vurderes om det skal lages ei tidslinje for når tiltakene skal gjennomføres. Spesielt i de tilfellene ting skal gjøres over flere år, f.eks beiterydding.*

Det er viktig å konkretisere ansvar fordelt på arealbruk. Noen arealer som ifølge plan er viktige, ligger ikke på setervollene, men ved siden av. I disse tilfellene bør det klargjøres for hvem som er ansvarlig for skjøtsel der.

Oppfølging:

• I arbeidet med å bruke planen/gjennomføre tiltakene i planen oppfordrer Lesja kommune til tett dialog med setereierne slik at ansvarsfordeling ikke etterlater seg noen tvil. Det gjelder både hvilke tiltak og tidspunkt for når tiltakene bør gjennomføres.

• Planen bør også inneholde mer konkret hva som skal gjøres for å sette arbeidet i gang. Lesja kommune forutsetter at det blir holdt møte med berørte grunneiere og setereiere, om skjøtselavtaler og opplegget for skjøtselen.

Flere av momentene over kan løses ved å lage en konkret handlingsplan som viser tiltak, kostnad, effekt, tid og ansvar. En enkel og konkret handlingsplan er viktig for måloppnåelse og bruk av planen som et verktøy i forvaltningen.»

**Kommentar:** Landbruksforvaltningen i Lesja kommune har gjeve tydelige og konkrete forslag til oppfølging av planen. Forvaltarane tek forslaga til etterretning, for vidare oppfølging.

Høyringsuttale frå Lesja fjellstyre, 04.11.19

- Lesja fjellstyre er svært positive til at det har blitt utarbeida ein heilskapleg skjøtelsplan for kulturlandskapet kring setergrendene i Lordalen landskapsvernområde. Fjellstyret viser og til Statskog som har poengtert at det er viktig at fjellstyret og allmeningsstyret blir involvert når det blir gjort skjøtelsavtaler, for å sikre at retningslinene i fjellova og lov om skogsdrift i statsallmenningene blir fulgt.

Lesja fjellstyre har behandla skjøtelsplan 29.10.19, og gjort slik samrøystes vedtak om uttale:

*Lesja fjellstyre har følgende uttalelse til skjøtelsplanen for Lordalen landskapsvernområde:*

- Fjellstyret har ingen kommentarer til det faglige innholdet i skjøtelsplanen, og er positive til at foreslåtte skjøtelsiltak blir gjennomført.

- Det er positivt at nasjonalparkstyret viser handlekraft og følger opp registreringene med tiltak for å bevare eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet.

- Skjøtelsavtaler kan inngås med fjellstyret, som grunneiers representant, jf. naturmangfoldloven § 47 «Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om ar denne utfører nærmere bes/em/e skjøtelsiltak».

- Fjellstyret og allmeningsstyret må involveres når det skrives skjøtelsavtaler, for å sikre at bestemmelsene i fjelloven og lov om skogsdrift i statsallmenningene blir overholdt.

- Det er ønskelig at vernemyndigheten inviterer til informasjonsmøte om det arbeidet som er gjort og veien videre.

**Kommentar:** Merknader blir teke til etterretning. Ønskje om informasjonsmøte om skjøtelsplan og aktuelle skjøtelsiltak i Lordalen blir teke med som innspill til oppfølging.

Høyringsuttale frå Geir Ulekleiv, 13.11.19

- Geir Ulekleiv er eigar av Norderhus Søndre, gnr 68 bnr 4, og har seter på Bjøknesetra i Lordalen. Setra ligg som den første på Bjøknesetra, med tilhøyrande jordareal nedanfor setertunet.

Geir er igang med å bygge opp slåttekurs på gården, og hadde eit prøvekurs sist sommar. Han har eit jorde på 2-3da som skal leggast om til natureng, dvs ikkje gjødsle eller vanne i åra framover. Dette skal i fyrste omgang nyttast til ljåslått og

hesjing i samband med slåttekurset.

Målet på sikt er å flytte kurset inn på setra og få til ei natur/villeng der, som skal slås med ljå. Han har vurdert arealet og funnet at det er litt mye tuer (bl.a sølvbunke / "skjærtopp") og ujamnheter som gjer det vanskelig med ljåslått og hesjing foreløpig, da det må til litt utjamning av tuelanskapet først. Arealet skal ikkje pløyast ellelr såast, men jordarbeidast med lett slådding/harving eller liknande + naturleg frøsetting frå dei grasvekstane som er der i dag. Han håper dette let seg gjera innafør dei rammane som skjøtselsplanen legg opp til, og tar gjerne mot imot råd og faglig bistand til arbeidet framover.

**Kommentar:** Geir Ulekleiv kjem i si uttale med spanande planar som vil bidra til å ivareata kulturlandskapet på Bjøknesetra. Forvaltarane tek forslaga til etterretning, for vidare oppfølging, og evt samarbeid.

#### Kommentar frå Miljødirektoratet 14.11.19

- Miljødirektoratet har generelle kommentarar til skjøtselsplanen for Lordalen landskapsvernområde, og har ikkje gjennomgått dei faglege vurderingane som ligg til grunn i planen.

Det er vist til at ein skulle følgje malen til skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap utarbeida av NIBIO i 2017. Miljødirektoratet kan ikkje sjå av rapporten at malen er brukt. Dersom malen er brukt, er det ønskje om at det går fram korleis den er brukt.

**Kommentar:** Oppdragsgjevar har stilt krav om at NIBIO-malen skal leggjast til grunn. MU har brukt malen og involvert lokale aktørar i arbeidet. Merknaden frå er teke opp med MU som vil supplere for å vise til NIBIO-malen i rapporten.

- Det er vist til system for overvåking av lokale bevaringsmål (NatStat) med ønskje om at systemet blir teke i bruk for bevaringsmålene som er satt i skjøtselsplanane, så fort som mogleg. Systemet skal etter kvart kunne gje ein god indikasjon på tilstand i verneområdet og naturtypar på landsbasis.

**Kommentar:** Forvaltarar er kjent med at NatStat er eit systematisk verktøy for å overvake lokale bevaringsmål, som i skjøtselsplan. Erfaring frå andre område er at systemet er relativt teoretisk og ikkje alltid formålstenleg. Innspelet frå miljødirektoratet blir teke til etterretning.

#### Høyringsuttale frå Oppland fylkeskommune (nå Innlandet), 28.11.19

- Oppland fylkeskommune mener det er gjort et godt arbeid i forslag til skjøtselsplan, særleg for setergrendene Bjøknesætre, Storsætre og Nysætre med bygninger, setervoller og seterveier. Dei saknar ein meir heilskapleg gjennomgang av verdiane i kulturlandskapet spesielt verdiane som ligg i bygningsmiljø og automatisk freda kulturminner. Det kan ligge automatisk freda kulturminne i skjøtselsområda eller knytt til setervegane som det kan vera aktuelt å framheve og drive skjøtsel på.

**Kommentar:** Det kan vera aktuelt å lage ein eiga skjøtselsplan for kulturminne og bygningsmiljø, da det berre er bygningar som er direkte knytt til skjøtsel av areal som er prioritert i denne plan.

- Positivt med bevaringsmål knytt til ferdselsveggar og bygningsmiljø, men seterområdene er ikkje registrert i AFK (automatisk freda kulturminner), og kulturminnemyndigheita må involverast i prosessen når det gjeld tiltak knytt til ferdselsveggar.

**Kommentar:** Det er i trå med forvaltningsplan der det er krav om samråd med kulturminnesstyresmakta når det gjeld resturering, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

- For å kunne ta stilling bevaringsmål for bygningsmiljøet saknar fylkeskommunen ein oversikt over bygningstypar og byggemåtar som er representert innanfor området. Det er utarbeidet et bevaringsmål for tømmerbygninger i ubehandlet furu, men vi kjenner ikkje til om det finnes andre typer bygninger som for eksempel reisverksbygninger eller steinhus. Sidan det står i rapporten at alle setrer med setervollar og bygninger ble dokumentert med bilete, burde det i tilfelle liggje tilgjengeleg som eit vedlegg til skjøtselsplan. Dersom ikkje alle bygninger er dokumentert er det vanskelig å fastslå kva som er nivå i 2018, og det blir vanskjeleg å følge opp dette bevaringsmålet.

**Kommentar:** Merknaden vert teke til etterretning. Vi vurderar å utarbeide ein eiga byggjeveileder for heile verneområde der byggeskikk, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og bygningsmiljø, blir tema. Tema er og viktig i samband med revidering av forvaltningsplan.
- Det er ikkje nok kunnskap i dag for å definere presise tilstandsklassar for bygningsmassa og gode tiltak for å bevare bygningane. Kulturvernmyndigheta bør involverast i dette arbeidet, og det blir bede om at ordlyden i innledninga til bevaringsmålene (s14) endres til "*... er det viktig at restaurering av eldre bygninger skjer i samsvar med lokal/tradisjonell byggeskikk og i samråd med bygningsantikvarisk myndighet*".

**Kommentar:** Greitt med presisering av innleiing til bevaringsmål på s.15.
- Merknad om at historikken av seterdrift, bygningsmiljø og tidlegare bruk av området er knapt skildra i forslag til skjøtselsplan, og at den bør suppleres.

**Kommentar:** Enig i at historikken er i knappaste laget. Ei betre utdjuping av setermiljø kan vera aktuelt i ein eiga byggjeveileder for heile verneområde, jf. pkt. over.
- Det bør presiserast at det ikkje er gått like nøye inn på kulturminnetemaet i området. Fylkeskommunen ønskjer at kulturminnetema (bygningsmiljø eller kulturminner) er meir systematisk synleggjort i planen, også på kart og i bilete. Dette bør blir supplert for å betre vidare forvaltning og skjøtsel av området. Kulturvernmyndigheitene ønskjer å vera i dialog og bistå med vår kunnskap i det vidare arbeidet.

**Kommentar:** Forvaltninga har behov for betre kunnskapsgrunnlaget når det gjeld verdivurdering og tilstand til byningsmiljø og kulturminner. Merknadane vert teke til etterretning, og det er ønskje om eit samarbeidsprosjekt med kulturminnemyndigheita for å betre kunnskapsgrunnlaget for kulturminner, bygningar/bygningsmiljø og kulturmiljø i verneområdet.



Arkivsaksnummer: 2022/6951-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 08.07.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	38/2022	23.09.2022

## Romsdalen Ivo - dispensasjon - renovering av hytte i Nymarka - 2022 - Arve Horgheim

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3, pkt 1.3, bokstav I, får Arve Horgheim dispensasjon til å rive eksisterande bygning og sette opp ein ny bygning ved Nymarka til gardsturisme.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Bygninga skal plasserast på same tomt som det eksisterande byggverket.
- Det nye bygget skal ha eit utvendig mål på 3.9m x 4,25m. Høgda skal være 3m i front.
- Takutspringet skal forlengast for å dempe virkninga av vindusflater i front. Takutspringet skal gå 0,8m ut frå veggen.
- Plattinga skal ikkje gå lenger enn 1,5m ut frå bygninga. Totalt areal på plattinga skal ikkje overstige 10m<sup>2</sup>.
- Rivningsmaterialet frå den gamle bygninga skal fjernast frå verneområdet og takast hand om på godkjent mottak.
- Kledninga skal være av naturmateriale og beisast i enten ei mørk brun farge, grå farge eller grånes naturleg. Vinduskarmer og dører skal være i same farge som kledninga.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til 20.10.2022.

Dispensasjonen gjeld i høve verneforskrift for Romsdalen Ivo. SNO- Reinheimen vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Søknad frå Arve Horgheim datert 24.06.2022.

## Saksopplysningar

26. april 2021 var forvalter på synfaring inn til hytta ved Nymarka saman med grunneigar, kommunen og fylkesarkeolog. Denne hytta ligg på ein sti som det i mulighetsstudiet for hovudinnfallsportar i Reinheimen, er vurdert å lage ein natursti.

Hytta er blitt brukt til laksefiske ved Rauma elv og bar preg om behov for restaurering. Grunneigarane informerte oss om at dei ynskjer å starte med historieformidling ved vikinggravene på tomta, og at dei også ville nytte hytta til bruk for denne gardsturismen. Vi hadde da inga motføresegner på at kledning og tak vart bytta, men fortalde om reglane, at ved ein fasadeendring, evt. nybygg, måtte tiltaket omsøkast.


22. juni 2022 var nasjonalparkstyret på synfaring i same område for å sjå på den aktuelle stien saman med grunneigarane, og vi fekk da sjå at hytta allereie var renovert. Då vi ser det er fasadeendringar på hytta, ba vi om at dei skulle sende inn ein søknad, slik at saka fekk ein behandling på lik linje med andre byggesaker.







Bilete frå synfaringa 26.04.2022. Foto: Mari M Rødstøl



Her er bilete frå hytta om området tatt 11.09.2022. Foto: Mari Melbø Rødstøl







## Søknaden

### SØKNAD OM RENOVERING AV HYTTE I NYMARKA

*Hytta ble satt opp av ivrige fiskere for ca 50 år siden. Den hadde inngangsdør i bakre hjørne mot nord og større vinduer ned mot elva. Hytta hadde skråtak som etter hvert ble mosegrodd og bevekst med lyng og små trær. Utvendig var hytta kledd med plater. Innvendig var det bord og stoler og en kjøkkenbenk. På grunn av gyrodactilus salaris ble elva rotenonbehandlet i 1993 og fra da av var det ikke noen aktivitet rundt hytta fram til elva ble åpnet for forsøksfiske. Hytta har i løpet av årene kommet i dårlig forfatning og hadde stort behov for vedlikehold.*

*Vi har totalrenovert kårhuset på gården og satser på utleie av elv og hus til laksefiskere og har de siste årene hatt fiskere hele juli og august måned. Vi vil også etter hvert starte med historieformidling i tilknytning til gravfeltet på Horgheimseidet. Vi har derfor sett behovet for å renovere hytta for å bruke den i forbindelse med gardsturisme. Om sommeren blir hytta forbeholdt laksefiskerne og vår og høst tenkes den brukt som et alternativ ved dårlig vær med tanke på guidede turer på gravhaugene. Vi er også i ferd med å utarbeide diverse andre formidlingsarrangement for små grupper i hytta som for eksempel foredrag om tradisjoner og mytologi.*

*Under renovasjonen ble det oppdaget at hytta stod på kreosotimpregnerte jernbanesviller. Disse ble fjernet og en ringmur ble satt opp på ei pute av sand. Hytta har fortsatt dør mot nord, men nå trukket ned mot elva, det blir torvtak og den får kun vinduer ned mot elva. Total grunnflate er uendret, men veggen ned mot elva er trukket inn slik at det i framkant er en liten platting som faller rett ut i terrenget. Hytta er kledd med kortreist panel som er hugget i skogene i Vermedalen og skåret på saga på Sletta. Jeg kan nevne at nordenden av dagens skysstasjon på Horgheim kommer fra nabogården, Slettali, på Verma (før det igjen fra Brøstdalen).*

*I forbindelse med en befaring på gravfeltet med fylkesarkeolog Kristoffer Dahle 16. juni 2022 informerte vi om tiltaket og han hadde ingen innvendinger.*



*Inngangsdøra var opprinnelig i bakkant på nordenden av hytta. Det var et lite vindu på bakveggen. Inngangsdøra er nå i framkant. Vinduet på bakveggen er fjernet – det blir kun vindu mot vest/elva.*

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

### Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet. Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formålspunkt. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.

Romsdalen landskapsvernområde er i medhald av verneforskrift § 3 pkt. 1.1 verna mot inngrep;  
*Området er verna mot inngrep som kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering,(,,,,,,). Opplistinga er ikkje uttømmande.*

§ 3 Punkt 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

*l) Næringsutvikling i sone B som ikkje er i strid med verneformålet. Nærare rammar skal fastsetjast i forvaltningsplanen.*

### Forvaltningsplan

*Bygningar til gardsturisme i sone B.*

*Søknad om oppføring av bygningar til gardsturisme vil omfatte hus der garden gjev tilbod om mellom anna servering, overnatting eller oppleving. Det kan også gjevast løyve til oppsetting av jakttårn, permanente gapahukar og liknande dersom dei er ledd i slik næring. Det kan gjevast dispensasjon til å setje opp enkle bygg innafor 50 metersona frå vassdrag, dersom slike bygg er eit ledd i å utnytte elva i gardsturisme*

*Byggjeskikk § 3, pkt 1.2 b. Alle nybygg, oppattbyggingar, tilbygg og restaureringar skal utførast i lokal byggjeskikk. Dette inneber at bygget så langt det er råd skal tilpassast eksisterande bygg i utforming, areal/volum, plassering, tilpassing til eksisterande hus og materialval. Forvaltningsstyresmakta kan stille vilkår når det blir gjeve løyve til slike tiltak. Ved vurdering av søknader om nybygg skal ein vurdere bygget og bygget sin funksjon opp mot verneformålet og verneverdiane i området. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.*

### Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.



## Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknede tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Etter synfaringa i 2021 så vi at denne hytta var klar for renovering og forklarte grunneigarane om reglane som gjaldt for Romsdalen landskapsvernområde. Vi informerte om at vedlikehald av bygninga ikkje var søknadspliktig så lenge det ikkje vart ein fasadeendring.

Grunneigarane har tatt omsyn til areal og storleik, men har endra type kledning, plassering av dør og vindauge. Bygninga er satt på ein ny grunnmur og alt av vegger, tak, vindauge og dører er endra. Dette vil difor bli betegna som eit nytt bygg og med endra utsjående frå det opprinnelege. I forvaltningsplana står det beskreve slik: *Med direkte heimel i verneforskrifta kan eksisterande bygningar og anlegg haldast ved like i den standarden dei hadde ved vernetidspunktet. Vedlikehald av bygningar som skifte av kledning, nye glas tilsvarende dei som var i huset frå før, nytt tak i same materiale som før og andre tiltak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade, er tillate utan søknad.* Dette bygget vil ikkje falle inn under dette unntaket, og vi ba difor om ein søknad.

Hyttas arkitektur var frå før av ikkje noko som var viktig å ta vare på, då dette ikkje var ei «hytte» typisk for området. Det er difor ikkje noko problem om kledning, dør og vindauge er endra. Bygget er no mindre skjemma i landskapet, enn det førre som var dekt med plater og var nedslitt. Det er og positivt at forurensande jernbanesviller er bytta ut og at eigaren har nytt naturmaterialer frå nærområdet. Hytta framstår no som solid og fin i landskapet. Ein søknad på førehand om å sette opp dette bygget ville trolig fått ein positiv instilling frå forvaltar.

Søker tok som sagt kontakt med forvaltninga før bygginga vart gjennomført og fikk råd om kva som var søknadspliktig. Søker har konsentrert seg om at størrelsen og plasseringa på hytta var det same som den opprinnelege, og trudde då at dette ikkje var søknadspliktig. Siden søker ikkje har forsøkt å skjule tiltaket, har søkt råd frå verneområdeforvaltninga og fylkesarkeolog og bygninga trolig ville blitt godkjent ved søknad, følgjer vi ikkje opp ulovlegheitsforholde. Vi behandlar søknaden som om bygninga ikkje er bygd.

Dette bygget er meint som ein forbetring av tilbodet Horgeim har i sin gardsturisme med laksefiske og historieformidling. Bygget ligg ved ein sti som Nasjonalparkstyret for Reinheimen vurderer å lage ein natursti (Mulighetsstudie for innfallsporter i Reinheimen, 2021). Det er ein forbetring for eventuell natursti i dette området, at det gamle nedslitte bygget er erstatta.

I kap 7.5 i forvaltningsplanen er reiseliv i Romsdalen beskrevet:

*7.5.1 Dagens bruk, mål og utfordringar Reiselivet i området er basert på aktivitetar knytt til friluftslivet, slik som fotturisme, klatring, jakt og fiske (jf. avsnitt 7.4 om friluftsliv). Natur- og kulturlandskapet har også nasjonale verdiar. Saman med stor ferdsel langs E 136 gjennom Romsdalen bør dette gi gode føresetnader for næringsutvikling innan reiseliv både i hovuddalføret og i Brøstdalen. Området blir marknadsført og brukt i samband med kommersielle aktørar på Åndalsnes.*

I forvaltningsplana for Romsdalen lvo er det opna opp for å gje løyve til nybygg i samband med gardsturisme i sone B: *Bygningar til gardsturisme i sone B Søknad om oppføring av bygningar til gardsturisme vil omfatte hus der garden gjev tilbod om mellom anna servering,*

*overnatting eller oppleving. Det kan også gjevast løyve til oppsetting av jakttårn, permanente gapahukar og liknande dersom dei er ledd i slik næring. Det kan gjevast dispensasjon til å setje opp enkle bygg innafor 50 metersona frå vassdrag, dersom slike bygg er eit ledd i å utnytte elva i gardsturisme.*

Som ein ser i forvaltningsplana er det ved vernetidspunktet tatt høgde for at grunneigarane i området skal kunne drive med turisme og utvikle dette.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) vurderast til å vera tilstrekkeleg. Det er gjennom naturbase og kunnskapsrapportar god oversikt over naturverdiar. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10), har omsøkt tiltak eit avgrensa omfang og vil ha liten påverknad for den samla belastninga på verneområdet. Det er positivt at jernbanesviller er bytta ut og at dei har nytta solid treverk frå nærområdet. Hytta framstår mindre skjemmaende i landskapet enn den førre. Bygget ligg og ved ein sti som Nasjonalparkstyret for Reinheimen vurderer å lage ein natursti (Muighetsstudie for innfalsporter i Reinheimen 2021). Dette er eit ledd i startegien om å kanalisere ferdselen i verneområdet. Det er ein forbetring for naturstien i dette området at det gamle nedslitte bygger er erstatta.

§ 11, Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12, Miljøforsvarlege tekniskar og driftsmetodar, er vurdert til ikkje å vere relevant.

Ut i frå ei totalvurdering vil det nye bygget ikkje stride mot verneføremålet for Romsdalen landskapsvernområde. Det nye bygget er mindre skjemmaende i landskapet enn det førre og vil være til nytte for gardsturismen og ein eventuell natursti i området.





Arkivsaksnummer: 2022/8247-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 07.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	39/2022	23.09.2022


## Romsdalen LVO - dispensasjon - siktutbedring ved planovergang Almegjerde - 2022 - Raumabanen - Bane NOR

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i forskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 bokstav m, får Bane NOR dispensasjon til å fjerne masse for å utføre siktutbetrande tiltak ved planovergangen ved Almegjerdet.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Det skal kun takast ut masse i stipla område vist til i søknaden og bilete under. Området det kan takast ut masse, går frå planovergangen og ikkje lenger enn 80 meter på østsida av banen og ikkje lenger enn 60 meter på vestsida av banen i retning Åndalsnes.



- Det skal ikkje takast ut meir masse enn det som er nødvendig i henhold til gjeldande krav for sikt ved planovergangar.
- Massen skal takast hand om og plasserast på godkjent areal utanfor verneområde.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Romsdalen lvo. SNO–Reinheimen vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

## Dokument i saka

- Søknad frå Bane NOR på e-post 23.08.2022.

## Saksopplysningar

### Søknaden

På vegne av Bane NOR søkes det om tillatelse for å kunne utføre siktutbedringstiltak ved en planovergang på Almegjerde i Rauma kommune.



Tiltaket ligger innenfor Romsdalen landskapsvernområde.

Dagens sikt ved planovergangen tilfredstiller ikke krav og utgjør en risiko for både brukere av planovergangen og tog.

Link kartutsnitt:

<http://banekart.banenor.no/kart?scale=4999.9999999998&center=138753.538111531,69410>

Tiltaket består av utslakking av skråninger, som vist i plantegning nedenfor.



Lyse brun skravur, merket med 6112 og 6111 viser utbredelse av masseuttak.

Bilde nedenfor viser anslått omfang på masseuttak.



Bilde tatt våren 2021 – Sett mot planovergang, med ryggen mot Åndalsnes.



Bilde tatt våren 2022 – Sett mot planovergang, med ryggen mot Åndalsnes.



### **Søknaden blir vurdert etter:**

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

## **Heimelsgrunnlag**

### **Delegering**

### **Søknaden blir vurdert etter:**

- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009 Verneformål – forskrift

## § 2. Formål

**Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:**

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet
- ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellssidene mot Romsdalen utgjer eit særprega landskapselement i området. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

## § 3. Vernereglar

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekulturivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrelegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

m.) Omlegging og opprusting av jernbane, riksveg/europaveg, og teleinstallasjonar, samt annan infrastruktur i sone B.

## Forvaltningsplan

Jernbane og europaveg § 3, pkt 1.3, m)

Jernbana og europavegen må følgje eksisterande trasé gjennom landskapsvernområdet. Berre heilt nødvendige omleggingar og opprustingar for å tilfredsstille krav til sjølve vegen/jernbana eller for å unngå rasutsette område skal tillatast etter søknad. Det er spesielt viktig at ein tek omsyn til elveløpet og bevaring av dette jfr. verneformålet i sone B, og til at område utan større tekniske inngrep skal bli skjerma mot nye utbyggingar. Rydding av skog og annan vegetasjon som er nødvendig ved planovergangane langs bane kan skje som løpande vedlikehald av eksisterande bane slik at standard og det tryggleiksnivå som gjeld i dag kan oppretthaldast.

## Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.



## Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknede tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

I fylgje Bane NOR er ikkje sikkerhetskriteria tilfredsstillande gjeldande sikt ved planovergangen ved Almegjerdet.

I krav TRV:04389 står det slik: *a) Vegetasjon (trær, busker, greiner, høyt gress o.l.), brøytekanter, hensatt materiell og annet som kan være til hinder for sikten, skal fjernes slik at førere av kjøretøy som har stanset foran overgangen, kan se så langt langs jernbanesporet at en kryssing kan foretas uten fare, se Figur: [Definisjon av siktlengde \(S\) og den kjørelengde \(L\) som kjøretøyet trenger for å komme over planovergangen i løpet nødvendig kjøretid \(t\) og Tabell: Kjøretid over planoverganger.](#)*

I forvaltningsplana står det: *Berre heilt nødvendige omleggingar og opprustingar for å tilfredsstillere krav til sjølve vegen/jernbana eller for å unngå rasutsette område skal tillatast etter søknad.* Da tiltaket er heilt nødvendig for å tilfredsstillere dages krav til sikt, har Nasjonalparkstyret heimel til å gje løyve til tiltaket etter søknad.

Ved almegjerdet er det vollar ved overgangen som kan øydelegge sikta og da spesielt om vinteren når snøen får lagt seg oppå volden.

Tiltaket som det søkes om er av et visst omfang men vil ikkje ha nokon inverknad på naturmiljøet. Forvalter har synfart området og finn ingen naturverdi av særleg interesse i det aktuelle området som skal berørast. Dette er i kanten av veg og jernbane som allerede er prega av inngrep. Det er vurdert til at inngrepet ikkje vil øydelegge for landskapsbilete.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) vurderast til å vera tilstrekkeleg. Det er gjennom naturbase og kunnskapsrapportar god oversikt over naturverdiar. Det er ikkje registrert viktige naturverdiar i massen som skal fjernast.

Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10), har omsøkt tiltak eit avgrensa omfang og vil ha liten påverknad for den samla belastninga på verneområdet.

§ 11, Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12, Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, er vurdert til ikkje å vere relevant.

Ut i frå ei totalvurdering vil ikkje dette tiltaket ha nemneverdig innvirkning for verneverdiene i Romsdalen landskapsvernområde. Tiltaket er av sikkerhetsmessige hensyn positivt.

Fordelane er større enn ulempene ved tiltaket og vi instiller difor positivt til å gjennomføre desse siktforbetrande tiltaka.



## **ST 40/2022 Orienteringar**